

Framlegg til Skitinget 2022

Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins

Styrking av breidde- og rekrutteringsarbeidet i Norges Skiforbund

Bakgrunn:

NSF har eit fallande aktivitetstal dei siste 10 åra. I Skipolitisk dokument har som hovudsak å auka rekrutteringa.

NSF har eit overordna ansvar for dette arbeidet.

Dei mindre greinene med få ansatte slit med å dekke området rekrutterings- og breiddearbeid i organisasjonen.

Framlegg til vedtak:

Skitinget oppmodar skistyret til å opprette ei eiga avdeling i NSF/sentral administrasjonen for å koordinera og fylgja opp breidde og rekrutteringsarbeidet i heile organisasjonen. I den hensikt å stagge fallande aktivitetstal og skape grunnlag for aktivitets – og medlemsvekst.

Avdelinga bør få eige budsjett og økonomi

Avdelinga bør arbeide særleg med den greinuavhengige rekrutteringa og koordinere rekrutterings- og breiddetiltak på tvers av skigreinene og skikretsane.

De er naturleg at utgangspunktet for ei slik avdeling vert knytt opp mot området som dagens rådgivar klubb og krets dekker.